

# Årsmelding 2008




Hemsedal Energi  
[www.hemsedal-energi.no](http://www.hemsedal-energi.no)  
- vi er *her* for deg!



# Organisering

## Organisasjonsplan



Dagleg leiar Arne Fredriksen

Styret har i 2009 vore (perioden hausten 2007 – hausten 2011):

**Medlem:**  
Kjell Kristiansen  
Signe Lise Hovig Jordheim  
Odd Bekkevold  
Viel Ribberud  
Magne Lien

**Posisjon i styret:**  
Leiar  
Nestleiar  
Styremedlem  
Styremedlem  
Styremedlem (for dei tilsette)

**Personleg varemedlem:**  
Knut H. Ulsaker  
Martin Lindal  
Ellen Møllerpass Mythe  
Helene Sagabråten  
Knut Langehaug

Revisor er Kommunerevisjon IKS med hovedkontor på Gol

# **Historikk**

## ***Hemsedal Energi - historie***

1910	Elektrifisering i deler av sentrum etter utbygging av Trøimsåne og Ulsåkfossen
1920	Aker kommune kjøper opp mesteparten av fall-rettane i Hemselvassdraget
1936	Stifting av Hemsedal Kommunale Elektrisitetsforsyning
1937	Bygging av overføringsline frå Gol til Hemsedal
1942 – 1952	Hjelmen, Lykkja, Grøndalen og Eikrevegen vert kopla til overføringsnettet
1974	Bygging av Svø sekundærstasjon
1986	Bygging av Holdemoen sekundærstasjon
1992	Hemsedal Kommunale Elektrisitetsforsyning delast i to kommunale særbedrifter og seinare i to kommunale føretak – Hemsedal Elektro KF og Hemsedal Energi KF
2006	Bygging av Langeset sekundærstasjon

## ***Hovudtal - Hemsedal Energi***

	<b>2008</b>	<b>2007</b>	<b>2006</b>	<b>2005</b>	<b>1997</b>
Fast tilsette pr. 31.12	12	12	10	14	14
Tal årsverk pr. 31.12 (heimlar i parentes)	11,5 (11,5)	11,5 (11,5)	10,5 (11,5)	13,5 (14,5)	13,5 (13,5)
Overføring eks. tap (GWh)	88,9	85,9	82,3	81,2	66,8
Kraftomsetning sal (GWh)	79,4	77,8	76,6	73,8	62,7
Kundar pr. 31.12	3.465	3.351	3.266	3.222	2.684
- av dette hushaldning	786	774	802	859	830
- av dette hytter/fritidsbustader	1.761	1.704	1.631	1.589	1.548
Nettstasjonar	315	311	306	304	278
Lågspent luftnett (km)	103	107	107	109	138
Lågspent kabel (km)	330	315	305	294	176
Høgspent luftnett (km)	128	130	135	137	138
Høgspent kabel (km)	82	80	75	69	45
Netto-innvesteringar (heile 1.000 kr)	14.328	9.132	19.421	7.738	5.248
Avskrivningar (heile 1.000 kr)	7.116	6.793	6.065	5.842	4.033
Personalkostnader (heile 1.000 kr)	6.953	5.589	5.409	5.846	3.764
Driftsinntekter totalt (heile 1.000 kr)	47.074	45.069	38.188	31.409	20.474
Driftskostnader totalt (heile 1.000 kr)	34.443	31.124	33.739	27.386	19.727
Driftsresultat (heile 1.000 kr)	12.630	13.945	4.450	4.023	747

Hemsedal Energi forvaltar også ein andelskraft i tillegg til om lag 34 GWh med konsesjonskraft. Andelskraftmengda varierar med produksjonen ved Uste/Nes og var i 2008 20,4 GWh. Prisen varierar også, men er jamt låg.

# Dagleg leiar si beretning

## **Generelt**

2008 har vore eit travelt og turbulent år som har satt store krav til organisasjonen. Det kjende og trygge vart endra til det motsette for mange og har ført med seg ein del uro som vi ikkje veit konsekvensane av enda. Endringar er likevel ein del av ein kvar verksemd sin kvardag, og dette er utfordringar som ein organisasjon må kunne ta.

Av dei utfordringane som ein må nemne særskilt, er:

- investeringar og engasjement i varmesentralen i Skihaisområdet

Av eigne utfordringar må nemnast at investeringane også i 2008 var svært høge. Dette reduserar framtidig handlefridom.

## **Rammar for verksemda**

Tidlegare år har inntektsrammene frå NVE vore dei viktigaste signala til om vi driver rasjonelt. Frå 2007 auka desse rammene svært mykje. Inntektsrammene fortel noko om kor mykje ein kan ta i inntekt frå kundane for å drive energiverket og samstundes sikre ei rimelig avkastning av investert kapital. Hemsedal Energi KF har i mange år hatt eit høgt aktivitetsnivå samt høg sikkerhet for at feil blir retta opp, for alle kundane i forsyningsområdet utan omsyn til kor dei bur. Begge deler er kostbare element i verksemda – sikkerhet kostar mykje så lenge det ikkje skjer uhell.

Politisk har det i 2008 vore reist spørsmål om kostnadene og dermed indirekte nivået for sikkerheta. Dette er eit signal og ei problemstilling som Styret, den daglege leiinga og dei tilsette må ta til seg. Uansett – det er den dagleg leiinga som har ansvaret når det gjeld tryggleik, både for eigne tilsette og for at kraftsystemet i Hemsedal fungerar slik det er meint å gjere.

For Styret og dagleg leiing blir det ei vurdering av kor stor grad av tryggleik ein bør tilby kundane, risikoen for kostnader ved eventuelle lengre avbrot (ved såkalla KILE-kostnader), politisk leiing (eigarane) si vurdering av kva for nivå ein skal ha på tryggleika (og kostnadsnivået) og sjølv sagt kva dagleg leiing kan ta på seg av ansvar i høve til krava frå overordna mynde sett opp mot dei andre momenta.

## **Informasjon**

Nettsidene til Hemsedal Energi KF er nytta noko, men har potensiale til meir. Kundekalenderen vart gitt ut også i 2008, men er etter forholda dyr å produsere og sende ut. Det bør vere eit mål å kunne gi same informasjon på nettsidene våre.

## **Overføringsnettet**

Hemsedal Energi hadde eit sal av overføringsstenester på om lag 88,9 GWh i 2008. I høve til 2007 er dette ei auke på om lag 3,5 %.

Arbeidet med å skifte ut ein del av luftliner med kabelnett fortsetter. Vidare blir det lagt til rette for fjernstyring av ein del vanskeleg tilgjengelege områder. Det er meinингa at desse skal styrast av vaktmannskap – i tillegg til at det er innebygd ein del automatikk i feilretting.

Tapet i overføringsnettet er særslig lågt, og avbrota tilsvarande. 2008 har vore eit nytt år med lite avbrot – 0,005 %, enda lågare enn rekordåret 2007. I 2007 hadde ein 0,012 %. Avbrot kostar i teorien pengar

for Hemsedal Energi KF, i tillegg til at kundane sjølvsagt ikkje er nøgd når straumen er borte – ”vi lever då i 2008”.

### **Kraft**

Det er i 2008 selt 79,4 GWh med kraft. Fordelinga av kundetypar er slik at det totale salet til våre prioriterte kundar var mykje høgare enn tilgangen av ”rimeleg” kraft og at ein utsetter seg for risiko for tap. I 2008 var denne risikoene i energiverket sin favør.

### **Fiber**

Vidare utbygging av fiber i samarbeid med Hallingdal Kraftnett AS har gjeve fleire innbyggjarar i Hemsedal eit tilbod om breiband. Ennå er det ein del telefonsentralar som skal byggast ut. Alle sentralane skal byggast ut i 2009.

Breibandet har vore utsett for fleire brot i 2008 og det merkast fort blant våre kundar og oss sjølve når så mykje av arbeidet er avhengig av tilgong til internett. Fiberen til Lærdal bør kunne nyttast til å skaffe Hemsedal betre tryggleik, som også var noko av grunnen til at Hemsedal Energi KF i det heile teke var med på investeringa.

I 2008 fekk Hemsedal Energi KF også inntekter frå investeringa. Truleg vil ein alt i 2009 – 2010 få inntening som dekker avskrivingane.

**Arne Fredriksen**

Dagleg leiar

april 2009

# **Styret si beretning**

## **Hemsedal Energi KF sine vedtekter**

*Hemsedal Energi skal levere kraft og overføringstenester til gunstig pris for forbrukarane i Hemsedal kommune, og slik at overføringsnettet til ein kvar tid har ein kvalitet som sikrar så sikker tilføring av kraft som mogeleg til alle forbrukarane. Føretaket kan etter styrets vedtak drive annan verksemnd som er naturleg knytte til kraftomsetning eller overføring av kraft.*

## **Arbeidsmiljø**

Arbeidet med å betre arbeidsmiljøet har vore vanskeleg, og alle spørsmåla om framtidig drift – mogeleg eller ikkje – vanskeleggjorde ein del tiltak. Det blir mykje brannslukking framfor konstruktivt arbeid.

Sjukefråveret må likevel reknast som lågt med følgjande tal for dei seinaste åra:

Sjukefråver – art:	2008	2007	2006	2005
Eigenmelding	1,2 %	0,5 %	0,6 %	0,8 %
Sjukemelding	0,8 %	1,1 %	1,6 %	0,5 %
Totalt	2,0 % 1)	1,6 %	2,2 %	1,3 %
Dagar fråver totalt	48	36	47	36

1) I tillegg har det vore 3,6 % fråver (85 dagar) i samband med pappa-permisjon samt permisjon i samband med fødsel.

## **Likestilling**

Verksemda har pr. 31.12 i alt 12 tilsette – 9 menn og 3 kvinner.

## **Forsking og utvikling**

Hemsedal Energi har inga pågåande forskings- eller utviklingsaktivitetar.

## **Ytre miljø**

Hemsedal Energi har ikkje spesiell verksemd som skader det ytre miljø. Hemsedal Energi KF freistar å finne løysingar som tek omsyn til miljøet. Ein vil normalt leite etter den optimale løysinga mellom økonomi og miljø.

## **ENØK:**

Alle nett-eigarar må krevje inn ei avgift ved hjelp av eit påslag på nett-tariffen. Dette påslaget er på 1,0 øre/kWh. Pengane vert nytta til eit energifond i regi av det statlege selskapet Enova. Vidare hadde Hemsedal Energi KF ei lokal ordning med å yte ENØK-tilskot til hushaldningar som gjorde investeringar av spesiell karakter.

## **Ytingar utover løn til leiande personar i føretaket**

Det er ikkje gjeve andre ytingar enn løn og innbetaling til normal pensjonsordning til dagleg leiar. Det ligg ikkje føre avtaler om sluttløn.

## **Risiko ved drifta**

Slik drifta er organisert er det liten risiko ved verksemda. Enten blir verdiane att hos kundane i form av låg kraftpris og eit stabilt og godt overføringsnett, eller verdiane ligg att hjå eigar på eit eller anna vis. Ingen eksterne aktørar sit att med evt. gevinst og ein risikerer ikkje å ”miste” mogeleg forteneste.

Ein har ikkje utsett kapital for finansiell risiko.

### ***Det økonomiske resultatet og disponering av overskot:***

Driftsresultatet er på kr. 12.630.789. Vidare er det inntektsført netto renteinntekter med omlag kr. 1.129.766. Av det totale overskotet på kr. 13.760.555 er det i 2008 overført kr. 7,0 mill. kroner til Hemsedal kommune. Det er vidare berekna skattekostnader med kr. 1.923.930. Dette gir eit udisponert overskot på kr. 4.836.625

Styret meiner at den framlagde resultatrekneskapen og balanse med noter gjev rett informasjon om drifta i 2008 og selskapet sin økonomiske stilling ved årsskiftet.

Så langt styret kjenner til er det ikkje komme fram forhold etter avslutning av rekneskapen som har betydning for bedømminga av rekneskapen.

### ***Fortsett drift***

Hemsedal Energi KF har ut frå rekneskapstala og balansetala grunnlag til å meine at fortsett drift er til stade.

**Styret vil takke dei tilsette for innsatsen i 2008.**

**Hemsedal, 4. mai 2009**

---

Kjell Kristiansen  
(Leiar)

---

Signe-Lise Hovig Jordheim  
(Nestleiar)

---

Odd Bekkevold

---

Viel Ribberud

---

Magne Lien  
(Tilsettes representant)

---

Arne Fredriksen  
(Dagleg leiar)

# Rekneskapsoversyn

## Resultatrekneskap – omsetning – nett – trafo – ENØK

(alle tal i heile 1.000 kr.)	Note:	2008	B 2008	2007
Salsinntekter		-44.288	-39.300	-38.912
Attendeført meiravkastning – overføring		-964	0	-4.730
Aktivering – investeringar	3	-14.328	-8.286	-9.853
Anleggstilskot	3	-2.511	-750	-6.253
Andre salsinntekter		-1.822	-1.081	-1.426
Meiravkastning		0	0	0
<b>Sum inntekter</b>		<b>-63.913</b>	<b>-49.417</b>	<b>-61.174</b>
Kjøpskostnader		18.720	21.300	15.463
Løns- og personalkostnader	2	6.953	6.644	5.981
Ordinære avskrivningar	3	7.116	7.163	6.793
Andre driftskostnader		18.464	11.400	18.965
Tap på fordringar		30	40	28
<b>Driftskostnader</b>		<b>51.283</b>	<b>46.547</b>	<b>47.230</b>
<b>Driftsresultat</b>	1	<b>-12.630</b>	<b>-2.870</b>	<b>-13.944</b>
Renteinntekter		-1.922	-1.300	1.445
Agiovinning og andre finansinnt.		-97	-50	-132
Rentekostnader		880	950	671
Agiotap og andre finanskostn.		9	10	10
<b>Finansresultat</b>		<b>-1.130</b>	<b>-390</b>	<b>-895</b>
<b>Resultat før skattar</b>		<b>-13.760</b>	<b>-3.260</b>	<b>14.839</b>
Skattar - endring utsett skatt	4	188	0	-385
Betalbar skatt	4	1.736	440	2.244
Ekstraord. kostnader/inntekter		0	0	0
<b>Årsoverskot</b>		<b>-11.836</b>	<b>-2.820</b>	<b>-12.981</b>

### Disponert slik:

Overføring til Hemsedal kommune	7.000	1.200	1.200
Til disposisjon - avsett til anna fri eigenkapital	4.836	1.620	11.781

### Kommentarar

Tabellen syner dei totale inntekter og kostnader for Hemsedal Energi KF inklusive kostnader til investeringar.

Ettersom Hemsedal Energi KF må rapportere særskilt på nettverksemda må ein også lage segmentregneskap, og vi har valt å rapportere særskilt på krafthandel, nettverksem og anna verksem (ENØK og fiber). Dette heng saman med kontroll av monopolverksem (overføringsverksem).

I 2008 er det inntektsført resten av den såkalla meir-inntekta frå 2005 og 2006, noko som ble opp resultatet for 2008 i nokon grad (964.000 kroner).

## Resultatregnskap – omsetning kraft:

(alle tal i heile 1.000 kr.)	Note:	2008	2007
Salsinntekter		26.290	-21.121
Aktivering - investeringar	3	-482	-148
Andre salsinntekter		-40	-37
<b>Sum inntekter</b>		<b>-26.812</b>	<b>-21.306</b>
Kjøpskostnader		15.948	12.966
Løns- og personalkostnader	2	482	391
Ordinære avskrivningar	3	218	209
Andre driftskostnader		517	355
Tap på fordringar		9	8
<b>Driftskostnader</b>		<b>17.174</b>	<b>13.929</b>
<b>Driftsresultat</b>	1	<b>-9.638</b>	<b>-7.377</b>
Renteinntekter		-192	-145
Agiovinning og andre finansinnt.		-10	-12
Rentekostnader		88	67
Agiotap og andre finanskostn.		1	1
<b>Finansresultat</b>		<b>-113</b>	<b>-89</b>
<b>Resultat før skattar</b>		<b>-9.751</b>	<b>-7.466</b>

### Kommentarar

Rekneskapstabellen synar inntekter og kostnader for den konkurranseutsette delen av Hemsedal Energi KF, dvs. omsetning av kraft. Kostnader til administrasjon som gjeld både omsetningsdelen og nett-verksemada blir fordelt etter ein fordelingsnøkkel, tilsvarende same nøkkel som har vore nytta sidan ein begynte segmentregnskapet i 1996. Det er i oversikten ikkje teke med skattekostnad - sidan dette blir rekna for heile verksemda samla.

## Resultatregnskap – øvrig verksemd (fiber og ENØK):

(alle tal i heile 1.000 kr.)	Note:	2008	2007
Andre salsinntekter		-202	0
Aktivering investeringar		56	-950
Anleggstilskot/bruksrett		-445	-2.205
<b>Sum inntekter</b>		<b>-590</b>	<b>-3.155</b>
Løns- og personalkostnader	2	35	113
Ordinære avskrivningar	3	254	176
Andre driftskostnader		411	3.086
Tap på fordringar		0	0
<b>Driftskostnader</b>		<b>700</b>	<b>3.374</b>
<b>Driftsresultat</b>	1	<b>110</b>	<b>219</b>
Renteinntekter		0	0
Agiovinning og andre finansinnt.		0	0
Rentekostnader		0	0
Agiotap og andre finanskostn.		0	0
<b>Finansresultat</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Resultat før skattar</b>		<b>110</b>	<b>219</b>

### Kommentarar

Rekneskapen syner inntekter og kostnader inklusive investeringskostnader for i hovudsak bygging av fiberkabler, men også eigendelen av ENØK-satsing – dvs. tilskot til energiøkonomiserande tiltak. I tillegg til lokal ENØK blir det også kravd inn 1,0 øre/kWh til sentral ENØK-satsing (ENOVA). Dette blir ikkje synleggjort i Hemsedal Energi KF sitt rekneskap.

## **Resultatregnskap – omsetning nett:**

(alle tal i heile 1.000 kr.)	Note:	2008	2007
Salsinntekter - overføring	5	-17.998	-17.791
Mindreinntekt			0
Meirinntekt/renter meirinnt.		-964	0
Attendeført mindreinntekt	5		-4.730
Aktivering	3	-13.902	-8.755
Anleggstilskot	3	-2.067	-4.048
Andre salsinntekter		-1.579	-1.389
<b>Sum inntekter</b>		<b>-36.510</b>	<b>-36.713</b>
Kjøp av overføringstenester		2.772	2.497
Løns- og personalkostnader	2	6.435	5.477
Andre driftskostnader		17.536	15.523
Tap på fordringar		21	20
Ordinære avskrivningar	3	6.644	6.410
<b>Driftskostnader</b>		<b>33.408</b>	<b>29.927</b>
<b>Driftsresultat</b>	1	<b>-3.102</b>	<b>-6.787</b>
Renteinntekter		-1.730	-1.300
Agiovinning og andre finansinnt.		-87	-119
Rentekostnader		792	604
Agiotap og andre finanskostn.		8	9
<b>Finansresultat</b>		<b>-1.017</b>	<b>-806</b>
<b>Resultat før skattar</b>		<b>-4.119</b>	<b>-7.592</b>

### **Kommentarar**

Rekneskapen syner inntekter og kostnader inklusive investeringar for både regional- og distribusjonsnettet til Hemsedal Energi KF. Kostnader til administrasjon som gjeld både omsetningsdelen og nett-verksemda blir fordelt etter ein fordelingsnøkkel.

I 2008 har selskapet inntektsført (attendeført) resten av meir-inntekt frå 2005 og 2006, ettersom dei tidlegare inntektsrammene var for små og ramma frå og med 2007 er justert kraftig. Desse rammene blir fastsett av NVE og heng ikkje direkte saman med vårt kostnadsnivå eller våre inntekter. Inntektsramme frå NVE i høve til bokførte inntekter frå nettverksemda vil føre til at Hemsedal Energi KF har kravd for mykje frå kundane, eller kunne ha kravd meir.

## Balanserekneskap - egedelar:

<b>EIGEDELAR:</b>	Note:	<b>2008</b>	<b>2007</b>
<b>ANLEGGSMIDLAR:</b>			
<b>Immatrielle eiendeler</b>			
Utsett skattefordel		782.755	970.573
<b>SUM immatrielle eiendeler</b>		<b>782.755</b>	<b>970.573</b>
<b>Varige driftsmidlar</b>			
Aktiverte utviklingskostnader		0	0
Måleutstyr		8.302.330	7.300.077
Maskiner, inventar og transportmidlar		2.820.397	1.264.627
Fordelingsnett		93.067.356	91.185.934
Bygningar		11.438.217	8.356.458
Breiband		2.566.886	2.877.070
<b>SUM varige driftsmidlar</b>	<b>3</b>	<b>118.195.186</b>	<b>110.984.166</b>
<b>Finansielle anleggsmidlar</b>			
Aksjar	<b>9</b>	683.600	534.800
Utlån		0	148.500
Utlån - egne arb.takrar		0	1.454
KLP – eigenkapitalinnskot		127.018	102.963
<b>SUM finansielle anleggsmidlar</b>		<b>810.318</b>	<b>787.717</b>
<b>SUM ANLEGGSMIDLAR</b>		<b>119.788.259</b>	<b>112.742.456</b>
<b>OMLØPSMIDLAR:</b>			
<b>Varelager</b>			
Lagerbeholdning	<b>6</b>	3.162.872	3.919.277
<b>SUM varelager</b>		<b>3.162.872</b>	<b>3.919.277</b>
<b>Fordringar</b>			
Kortsiktige kundefordringar	<b>8</b>	25.223.524	16.848.510
<b>SUM fordringar</b>		<b>25.223.524</b>	<b>16.848.510</b>
<b>Bankinnskot, kontantar</b>			
Betalingsmidlar	<b>7</b>	22.018.068	29.456.866
<b>SUM bankinnskot, kontantar</b>		<b>22.018.068</b>	<b>29.456.866</b>
<b>SUM OMLØPSMIDLAR</b>		<b>50.404.464</b>	<b>50.224.653</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>170.192.723</b>	<b>162.967.109</b>

## Balanserekneskap – gjeld og eigenkapital:

<b>GJELD OG EIGENKAPITAL:</b>	<b>Note:</b>	<b>2008</b>	<b>2007</b>
<b>EIGENKAPITAL:</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
Innskote eigenkapital		81.309.167	81.309.167
Oppspart eigenkapital		51.875.226	40.094.262
Udisponert overskot		4.836.625	11.780.964
<b>TOTAL eigenkapital</b>		<b>138.021.018</b>	<b>133.184.393</b>
<b>TOTAL EIGENKAPITAL:</b>		<b>138.021.018</b>	<b>133.184.393</b>
<b>GJELD:</b>			
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Langsiktig gjeld		12.937.500	13.687.500
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>12.937.500</b>	<b>13.687.500</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		8.030.889	8.295.481
Andre off. avgifter m.v.		7.130.175	5.604.806
Anna kortsiktig gjeld		2.562.079	651.745
Skuldig betalbar skatt		1.511.062	1.543.184
<b>SUM kortsiktig gjeld</b>		<b>19.234.205</b>	<b>16.095.216</b>
<b>SUM GJELD:</b>		<b>32.171.705</b>	<b>29.782.716</b>
<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>		<b>170.192.723</b>	<b>162.967.109</b>

### Kommentarar

Endringa i balanseverdiar er hovudsakleg knytt opp mot det rekneskapsmessige overskotet i 2008 – etter skattar og overføring til Hemsedal kommune.

Hemsedal, 4. mai 2009

---

Kjell Kristiansen  
(Leiar)

---

Signe-Lise Hovig Jordheim  
(Nestleiar)

---

Odd Bekkevold

---

Viel Ribberud

---

Magne Lien  
(Tilsettes representant)

---

Arne Fredriksen  
(Dagleg leiar)

# **Noter til rekneskapen**

## ***Generell note - rekneskapsprinsipp:***

Årsrekneskapen for Hemsedal Energi KF er satt opp i samsvar med rekneskapsloven av 1998 med dei tillegg som følgjer av retningsliner gjeve av NVE (Norges Vassdrags- og Energiverk).

Rekneskapsprinsippa blir nemnd nedanfor.

## **Hovudregel for vurdering og klassifisering av eidegar og gjeld:**

Eidegar skaffa til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Andre eidegar er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterium lagt til grunn. Anleggsmidlar er vurdert til anskaffingskost. Avskrivningar følger standard avskrivningsreglar gjeve av sentrale styringsmakter og skjer rekneskapsmessig ved lineær avskriving. Omløpsmidlar blir vurdert til lågaste verdi av anskaffingskost og verkeleg verdi. Enkelte postar er vurdert etter andre prinsipp og blir forklart nedanfor.

### **Skattar:**

Skattekostnad blir samanstilt med rekneskapsmessig resultat før skatt. Skattekostnaden består av betalbar skatt (skatt på årets direkte skattepliktige inntekt) og endring i netto utsett skatt.

Skattekostnaden blir fordelt på ordinært resultat og resultat av ekstraordinære poster i høve til skattegrunnlaget. Utsett skatt og utsett skattefordel er presentert netto i balansen.

### **Anleggstilskot:**

Anleggstilskot til investeringar frå det offentlege og frå private reduserer aktiveringsverdien av investeringane. Anleggstilskotet vert fordelt over den økonomiske levetida til investeringa i form av reduserte avskrivningar.

## ***Note 1 - Resultat (ekskl. investeringar, forbruksavgift, finanstransaksjonar og ENØK-avgift):***

(tal i heile 1.000)

### ***Verksemder:***

	Bokført:	Energisal:	Nett:	Øvrig verksemd:	Avstemming:
Energisal	26.290	26.290	0	0	0
Overføring inkl. korrigering	18.962	0	18.962	0	0
Meirinnt.					
Andre inntekter	1.822	41	1.580	201	0
Sum driftsinntekter	47.074	26.331	20.542	201	0
Kraftkjøp	15.948	15.948	0	0	0
Nettleige	2.772	0	2.772	0	0
Lønskostnader	4.796	325	4.471	0	0
Andre driftskostnader	10.928	421	10.196	311	0
Sum driftskostnader	34.444	16.694	17.439	311	0
Driftsresultat	12.630	9.637	3.103	-110	0

Note 2 Lønnskostnad, tal på tilsette, godtgjøring til styret, revisor og dagleg leiar (inkl. investeringar):

<b>Lønnskostnad</b>	<b>2008</b>	<b>2007</b>
Lønn inkl. styregodtgjering, berekna feriep.	5.305	4.479
Arbeidsgjeveravgift inkl. arb.g.avg. av berekna feriep.	641	542
Andre ytingar (telefon, klesgodtgj. m.v., velferd)	71	91
Forsikringar	114	79
Pensjonskostnader	805	572
Kurs- og seminarkostnader	124	238
Refusjon lønnskostnader	-107	-20
<b>SUM</b>	<b>6.953</b>	<b>5.981</b>

Gjennomsnittleg tal på tilsette 11,5 10,8

<b>Ytingar til dagleg leiar og styret</b>	<b>- 2008 -</b>		<b>- 2007 -</b>	
	<b>Dagleg l.</b>	<b>Styret</b>	<b>Dagleg l.</b>	<b>Styret</b>
Lønn (grunnlag for feriepenger)	448.556	136.991	415.950	79.621
Anna godtgjering (dekn. deler av telefon/breiband)	4.764	0	6.374	0
Pensjon – berekna arb.g.avg. pliktig del	89.560	0	67.446	0

#### **Revisor:**

Kostnadsført revisjonshonorar til Kommunerevisjon IKS for 2008 utgjer kr. 32.700.

#### **Note 3 Varige driftsmidler (regnskapsmessig oversikt):**

	<b>Bygningar</b>	<b>Regionalnett</b>	<b>Nettstasjonar</b>	<b>Høgspent</b>	<b>Lågspent</b>
Anskaff. kost pr. 1.1	11.716.970,50	30.128.705,56	43.657.612,12	56.965.022,96	55.438.362,59
Tilgang	3.316.098,50	38.064,00	2.767.707,24	2.314.926,40	2.935.796,33
Refusjon/anleggstilskudd	0,00	0,00	- 1.000.707,32	- 177.020,40	- 889.060,20
Avgang					
Anskaffingskost. 31/12	15.033.069,00	30.166.769,56	45.424.612,04	59.102.928,96	57.485.09,72
Akk. avskriv. pr. 1/1	3.360.513,00	9.119.957,76	25.895.510,78	30.046.682,02	30.457.333,31
Årets avskrivinger	234.339,00	873.731,00	1.560.932,00	1.518.219,00	1.646.603,00
Akk. avskriv. pr. 31/12	3.594.852,00		27.456.442,78	31.564.901,02	32.103.936,31
Bokført verdi pr. 31/12	11.438.217,00	20.173.080,80	17.968.169,26	27.538.027,94	25.381.162,41
Årets avskrivinger	234.339,00	873.731,00	1.560.932,00	1.518.219,00	1.646.603,00
Årets nedskrivinger					
Økonomisk levetid	50	35	25	35	30
Årets finansiering:					
Eigenkapital/drift	3.316.098,50	38.064,00	1.766.999,92	2.137.906,00	2.046.736,13
Anleggsrefusjon			1.000.707,32	177.020,40	889.060,20

### Note 3 - forts. Varige driftsmidlar (regnskapsmessig oversikt):

	Målar- utstyr	Bilar	Anl.mask.	Inventar/ verktøy m.v.	Fiberkabel – breiband	Fjern- styring
Anskaff. kost pr. 1.1	12.272.116,13	3.700.281,75	2.431.646,22	1.779.304,22	3.052.248,37	515.714,67
Tilgang	1.690.484,26	1.580.566,60	218.777,17	62.230,00	388.815,83	1.525.581,96
Refusjon/anleggstilstskudd					- 444.646,00	
Avgang						
Anskaffingskost. 31/12	13.962.600,39	5.280.848,35	2.650.423,39	1.841.534,22	2.996.418,20	2.041.296,63
Akk. avskriv. pr. 1/1	4.972.039,17	2.891.199,40	2.056.362,18	1.699.043,85	175.178,00	0,00
Årets avskrivningar	688.231,00	164.746,00	112.622,00	28.426,00	254.354,00	34.281,00
Akk. avskriv. pr. 31/12	5.660.270,17	3.055.955,40	2.168.984,18	1.727.469,85	429.632,00	34.281,00
Bokført verdi pr. 31/12	8.302.330,22	2.224.892,95	481.439,21	114.064,37	2.566.886,20	2.006.915,63
Årets avskrivningar	688.231,00	164.746,00	112.622,00	28.426,00	254.354,00	34.281,00
Årets nedskrivningar						
Økonomisk levetid	15	8	12	3 – 8	15	15
Årets finansiering:						
Eigenkapital/drift	1.690.484,26	1.580.566,60	218.777,17	62.230,00	0,00	1.525.581,96
Anleggsrefusjon					55.830,17	
Fiberkabel er finansiert netto – og handsama noko spesielt i skjemaet						

### Note 4 Skattekostnad:

Årets skattekostnad blir rekna ut slik:	2008	2007
Ordinært resultat før skatt	13.760.005	14.839.997
Permanente forskjellar	-6.888.803	- 8.200.580
Endring midlertidige forskjeller	-670.77	1.375.696
- Skattemessig underskot til framføring	0	0
<b>Grunnlag betalbar skatt</b>	<b>6.200.425</b>	<b>8.015.113</b>
Berekna betalbar skatt på årets resultat	1.736.112	2.244.228
Endring utsett skatt	187.818	- 385.195
<b>Skattekostnad</b>	<b>1.923.930</b>	<b>1.859.033</b>

### Note 5 Mindreinntekt:

	2008
Faktisk inntekt 2008	17.998.000
Tillete inntektsramme 2008 – berekna av NVE	24.836.000
Berekna mindre-inntekt (så mykje høgare kunne inntektene ha vore i 2008)	7.162.000
<b>IB – meirinntekt inkl. renter pr. 1.1. 2008 (frå 2005 og 2006)</b>	<b>964.000</b>
Attendeført netto renter i 2008 av meir-inntekt frå 2005/2006	- 70.000
Attendeført mindreinntekt i 2008 av meir-inntekt frå 2005/2006	- 894.000
<b>UB – merinntekt pr. 31.12.2008</b>	<b>0</b>

Mindreinntekt (eller meirinntekt) vil seie konsekvensane av at overføringselskapa blir kontrollert for at dei ikkje utnyttar monopol-situasjonen til å ta for mykje inntekter frå kundane. I 2005 og 2006 hadde Hemsedal Energi KF kunstig låge rammar for kor mykje dei kunne ta inn frå kundane (tillete inntektsramme i tabellen). Dermed måtte selskapet redusere inntektene i desse åra (bokføringsmessig) og sette dei på balansen (som eit ”fond” - meirinntekter). Rammane vart auka frå 2007 – og Hemsedal Energi KF kunne attendeføre ”fondet” (auke inntekta bokføringsmessig og redusere ”fondet”).

For kundane har det ikkje hatt nokon verknad. Dei har betalt nokolunde det same heile tida. Hadde ikkje inntektsrammane vore justert frå 2007 ville overføringsprisane til kundane vore justert. Det samme ville aktiviteten ved Hemsedal Energi KF (reduserte inntektsrammar ville medføre reduserte kostnader).

**Note 6 Varelager:**

	<b>2008</b>	<b>2007</b>
Råvarer/overføringslager	3.117.970,50	3.874.965,91
Råvarer – trafolager	41.983,00	41.983,00
Lager – salsvarer	2.918,50	2.328,30
Ferdigvarer	0,00	0,00
<b>SUM</b>	<b>3.162.872,00</b>	<b>3.919.277,21</b>

**Note 7 Bundne midlar:**

I posten inngår bundne bankinnskot som gjelder skattetrekksmidlar på kr. 360.034.

**Note 8 Kundefordringar:**

Kundefordringar er vurdert til pålydande utan avsetning for påreknelege tap.

**Note 9 Aksjar:**

Hemsedal Energi KF sine aksjer (alle tal i heile 1.000):

Selskapet sitt namn:	Selskapet sin aksjekapital:	Tal på aksjar:	Pålydande verdi:	Sum verdi i balansen 1.000 kr):
Hallingdal Kraftnett AS	200.000	36	20.000	360
Hallingkonsult AS	110	20	1.000	270
Norsk ENØK AS	1.750	111	500	53

Aksjar og andelar:

Anleggsaksjar i selskap der Hemsedal Energi ikkje har betydeleg innflytelse, blir balanseført til pålydande verdi.

**Note 10 Hemsedal Energi KF er medlem i følgjande selskap/interesseorganisasjonar:**

(Beløp i heile 1.000)

Selskapet sitt namn:	Formål:	Kontingent 2008:
Energiforsyningens lederforening	Organisasjon for ledelse og styret i norsk energibransje	5
Kommunenes sentralforbund – bedrift	Arbeidsgiverorganisasjon for offentlige bedrifter	23
Forum for strategisk nettutvikling – FSN	Interesse-organisasjon for overføringsnett-eigarar	44
HAVA Bedriftshelsetjeneste	Uavhengig andelslag for bedriftshelsetjenester	28
LVK	Interesseorganisasjon for kraftkommuner	40
Elsikkerhet Øst AS	Fellesorganisasjon for DLE-bedrifter	4
Elsikkerhet Norge AS	Fellesorganisasjon for DLE-bedrifter	1

## Kontantstraumanalyse

### Likvider tilført/nytta på verksemda (i heile 1.000)

<b>Likvider tilført fra drift:</b>	<b>2008</b>	<b>2007</b>
Resultat før årsoppgjersdisposisjonar (skatter)	13.761	14.840
- Overført til Hemsedal kommune	- 7.000	- 1.200
- Betalt skatt i perioden	- 1.768	0
- Gevinst ved sal av anleggsmiddel	0	0
- Nedskrivning	0	0
- Nedskrivning i samband med sal	0	0
+ Ordinære avskrivingar - anleggsmiddel	7.117	6.793
<b>= Tilført fra drifta:</b>	<b>12.110</b>	<b>20.434</b>
Endring varelager	756	334
Endring debitorar	- 8.375	- 6.411
Endring leverandørgjeld	-265	52
Endring tidsavgrensa poster (OM)	0	0
Endring tidsavgrensa poster (KG)	3.436	763
<b>A = Netto likviditetsendring fra verksemda</b>	<b>- 4.448</b>	<b>- 5.262</b>
<b>Likvider nytta til investeringar:</b>		
Investeringar i varige driftsmiddel	- 16.839	- 16.106
Anleggstilskot	2.511	6.253
+ Salssum	0	0
+ Sal aksjer	0	0
Endring andre langsiktige fordringar	0	0
<b>B = Netto likviditetsendring fra investeringar</b>	<b>- 14.328</b>	<b>- 9.853</b>
<b>Likvider tilført fra finansiering:</b>		
Opptak av ny gjeld	0	0
Avdrag på gjeld	- 750	- 750
Utlån	0	0
Attendebetaling av utlån	0	0
<b>C = Netto likviditetsendring fra finansiering:</b>	<b>- 750</b>	<b>- 750</b>
<b>Samanhenger:</b>		
Likviditetsbeholdning pr. 1/1-08	29.451	24.908
Tilført fra drifta	12.110	20.432
+ Endring likv.behaldning i året (A + B + C)	-19.526	-15.865
- Avvik som følgje av korrig. Meravkastning	0	0
- Avvik som følgje av eigenkapitalinnskot	-24	-24
<b>= Likviditetsbeholdning pr. 31/12-08</b>	<b>22.011</b>	<b>29.451</b>


## Nøkkeltal - rekneskapsanalyse

	2008	2007
(alle tal i heile tusen eller i %)		
<b>Totalrentabilitet</b>	<hr/> Driftsresultat + finans.res. Gj.snittleg totalkapital	7,6 %
<b>Overskotsgrad (res.grad 1)</b>	<hr/> Driftsresultat + finans.res. Totale inntekter	26,8 %
<b>Likviditetsgrad 2</b>	<hr/> Mest likvide omløpsmidlar Kortsiktig gjeld	0,9
<b>Eigenkapitalandel</b>	<hr/> Eigenkapital Totalkapital	81,1 %
<b>Gjeldsgrad</b>	<hr/> Gjeld Eigenkapital	9,4 %
<b>Arbeidskapital</b>	Omløpsmidlar – Kortsiktig gjeld  i %	31.170
		66,2 %
		34.130
		75,7 %

Nøkkelta syner relativt god styring på økonomien, men det er ei utfordring å ha tilstrekkeleg med likvider i ein turbulent kraftmarknad. I mange tilfeller vil ein få innbetalinga frå kundane før deira forbruk av kraft 3 månader etter at selskapet har betalt for ho. Totalrentabilitet og overskotsgrad er særskilt gode når ein ikkje driver med maksimalt overskot som mål.

Likviditetsgrad 2 er låg og under det som er sett på som ynskjeleg. Dette har samanheng med eit relativt stort utbytte til Hemsedal kommune, saman med store fakturaer til kundane for 4. de kvartal 2008.

# Revisjonsberetning for 2008



Postadr: Gamlevegen 4, 3550 GOL  
Telefon/fax: 32029000/32029142  
Orgnr 976634934 MVA  
Bank: 23241517586  
Besøksadr: Sentrumsvegen 93, 3550 GOL

Kommunestyret i Hemsedal

3560 HEMSEDAL

## REVISJONSBERETNING FOR 2008

Vi har revidert særregnskapet for Hemsedal Energi KF for regnskapsåret 2008, som viser et overskudd på kr 13.760.554,13. Vi har også revidert opplysningene i årsberetningen om særregnskapet, og forslaget til anvendelse av overskuddet. Særregnskapet består av resultatregnskap, balanse, kontantstrømoppstilling og noteopplysninger. Regnskapslovens regler, forskrift om særbudsjett, særregnskap og årsberetning for kommunale og fylkeskommunale foretak og god regnskapsskikk i Norge, er anvendt ved utarbeidelsen av regnskapet. Særregnskapet og årsberetningen er avgitt av foretakets styre og daglig leder. Vår oppgave er å uttale oss om særregnskapet og øvrige forhold i henhold til kommuneloven og forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv.

Vi har utført revisjonen i samsvar med kommuneloven, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder revisjonsstandarder vedtatt av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at særregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i særregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper og vesentlige regnskapsestimater, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av særregnskapet. I den grad det følger av god kommunal revisjonsskikk, omfatter revisjon også en gjennomgåelse av foretakets formuesforvaltning og regnskaps- og intern kontroll-systemer. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vårt uttalelse.

Vi mener at

- særregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettvisende bilde av foretakets økonomiske stilling 31. desember 2008 og for resultatet og kontantstrømmene i regnskapsåret i overensstemmelse med god regnskapsskikk i Norge
- de disposisjoner som ligger til grunn for regnskapet er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpene i særregnskapet stemmer med regulert budsjett
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i samsvar med god bokföringskikk i Norge
- opplysningene i årsberetningen om særregnskapet er konsistente med særregnskapet og forslaget til anvendelse av regnskapsmessig overskudd er konsistente med særregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Gol, 8. mai 2009  
  
Alf E. Pettersen

Et selskap eiet av Hallingdalskommunene!  
Vi tilbyr revisjon, rådgiving og spesielle undersøkelser til kommuner og selskaper organisert etter kommuneloven, lov om interkommunale selskap, stiftelsesloven og lov om vergemål.  
[www.kommunerevisjoniks.no](http://www.kommunerevisjoniks.no)

## **Vegen vidare**

### **Kraftsal - inntektsmogelegheiter - pris-struktur**

2008 var prega av ein del diskusjonar om verdien av krafta vår. Hemsedal Energi KF vart beden om å fortsette med kraftsal saman med overføringsverksemد, fiber-verksemد og aktør når det gjelder Hemsedal Bioenergi AS.

Rammene for overskot på sal av kraft var gjeve som eit budsjettbeløp som skulle overførast til Hemsedal kommune. Budsjettbeløpet krev at marknadsprisen på kraft er særslig høg, og at Hemsedal Energi KF skulle legge seg opp mot ein marknadspolis på krafta.

Det blir ei enorm utfordring å skaffe dei inntekta som eigar krev på kraftsalet i eit uførutsigbart marknad som faller i verdi.

### **Varmesentral - alternativ energi**

Hemsedal Energi KF har pr. 31.12.2008 lagt ut nærare 1,2 mill. kr. til tiltaket, i tillegg til at dei har betalt aksjekapitalen på 1,0 mill. kr. for Hemsedal kommune. Det må vere eit mål å få på plass ein opplegg som fungerer – også kostnadsmessig.

### **Overføringsnettet**

Overføringsnettet er rekna som bra, og forbrukarane merker det best ved at straumen kjem når dei ber om det. Dette kjenneteiknar eit moderne samfunn. Det har vore uttalt at det nesten er ”for bra” og at ein må redusere på kostnadene. Desse signala må Hemsedal Energi KF ta, sjølv om det også er avhengig av mange andre faktorar – m.a. eksternt tilsynsmynde.

### **Fiber- nett**

Hemsedal Energi KF og Hallingdal Kraftnett AS har eit samarbeid om å bygge ut fiber – også i Hemsedal. Dette arbeidet reknar ein med skal vere ferdig i fyrste halvår 2009. Det følgjer med tilskotsmidlar som reduserer investeringskostnadene.

Sal av tenester til kundane bør vurderast, sjølv om ein nok begynner å kjenne slitasje blant dei tilsette når det gjelder kor mykje oppgåver som bedrifta kan ta på seg. Dersom oppgåvene heller ikkje medfører inntekter i nokon særleg grad, blir det vanskeleg – sett opp mot inntektsmåla som er satt.